

Sak 38-19 Unntak for bruk av nedgrave anlegg

Tilråding til vedtak:

1. Styret finn å avslå søknad om å sleppe å bruke nedgrave anlegg slik det er søkt om.
2. Styret vil vise til at der i gebyrforskriftene er laga til eit tilbod for dei som av ulike grunnar ikkje kan nytte tilbodne fellesordningar som gjeld i eit område, i form av henteavtale. Det kan nyttast i dette høvet.
3. I sin vurdering legg styret vidare vekt på at argumenta for at alle i nærleiken til anlegget må vere med på fellesordninga er fleire enn ulempene for den enkelte med å delta. Blant disse er:
 - a. Likebehandling av innbyggjarane i høve avstand ein må kunne akseptere å gå med avfallet sitt til næraste oppsamlingspunkt. Avstanden frå bustaden og til anlegget er 17 meter i luftline målt på kart.
 - b. At det bur fleire personar i husstanden.
 - c. At det er politisk ynskje om avfallstekniske løysingar i dei tettaste sentrumsområda som reduserar faren for eldspåsetjingar av avfallscontainerar, gir mindre tungtrafikk og gir tryggare trafikale situasjonar for gåande og syklende.
4. Vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast.

Saksutgreiing:

Rundt ferien sette vi i drift nedgrave anlegg i krysset Gamlevegen / Engesetvegen. Sameiget Vellehagen stod for utbygginga, men deira 14 abonnentar var ikkje nok til å forsvare eit anlegg. 15 andre er derfor knytt til ved administrativt pålegg med heimel i retningslinene for nedgravne anlegg og utsendt i september. Dette omfattar abonnentar i den umiddelbare nærleik.

VØR har etter det motteke ein søknad frå ein abonnent om å sleppe å nytte anlegget. Dette er ein klage på administrasjonen sitt vedtak. Administrasjonen opprettheld vedtaket og saka går såleis til styret til endeleg klagehandsaming, jfr. Forskriftene § 11. Abonnent har fram til endeleg handsaming, fått behalde beholdarane.

Heimel:

Styret har jamleg revidert retningslinene for nedgravne anlegg. Sist dette vart gjort var 18.09.18. Retningslinene finn ein på heimesidene våre.

Retningslinene er fastsette med heimel i Renovasjonsforskriftene for Volda og Ørsta Kommunar § 2, tredje ledd.

I retningslinene punkt 1 står det følgjande om kven som kan og bør delta i ordninga: Sitat:

« Ordninga omhandlar alle i eit sameige / bufellesskap, og VØR har rett til å pålegge alle innfor eit gitt geografisk område å delta i denne ordninga. Ordning med nedgravne løysingar er veileigna dersom den omfattar 25-50 bustadeiningar. Nedgravne løysingar for færre enn 20 bustadeiningar er frårådd.»

I retningslinene punkt 2 er avstand tatt fram. Sitat:

« Avstandar

- Tilrådd avstand frå bustadeining til nedgrave container bør ikkje overstige 150 - 200 meter i luftlinje.» Sitat slutt.

Avstand frå bustaden til nedgrave anlegg er 17 meter i luftlinje slik retningslinene seier avstanden skal reknast.

Konklusjon heimel: Administrasjonen i VØR sitt pålegg om å vere med på ordninga er innafør retningslinene punkt 1, vedkomande kven som skal delta i ordninga og punkt 2 i høve avstand.

Andre opplysningar i saka.

Området er av dei mest tettbygde som Ørsta har, og bilar, bosdunkar , gåande og syklande har fram til no konkurrert om plassen på hentedag for avfall.

Sameiget som tok kontakt med oss og gav grunn og stod for graving og etablering, har for få bustadeiningar til å få slikt anlegg i sin nærleik. Utgangspunktet for etableringa av anlegg ved Gamlevegen / Engesetvegen, var derfor at bustadane rundt måtte delta i ordninga. I første omgang påla vi dobbelt så mange som var i sameiget til å delta, slik at der i dag er 29 avtalar knytt til punktet. Det er aktuelt å knytte på fleire slik at vi får nytta betre ut grunnlagsinvesteringa. Det optimale er rundt 50 abonnentar.

VØR opplevde mange positive tilbakemeldingar av dei som no får nytte anlegget og med avstandar til anlegget mykje lenger enn de søkjar har.

I den aktuelle bustaden bur det to personar. Den eine 68 år og den andre 70 år. og det er den eine av disse som har søkt om å sleppe å gå disse meterane med avfallet sitt.

Påstanden om svak helse har ikkje VØR medisinfaglege føresetnader for å uttale oss om eller meine noko om. Det føreligg ikkje uttale frå lege om dette, for dei to i bustaden.

VØR har mange abonnentar som er i sekstiåra og oppover, og vi har snart 20 års erfaring med å vurdere når det er fornuftig å gi særordningar for henting av avfall på grunnlag av at abonnenten ikkje kan få fram avfallet sitt til hentestad.

Dette er ikkje eit slikt eksempel slik vi ser det, verken utifrå eit likebehandlingsperspektiv eller utifrå det vi ser på som manglande faktiske argument i søknaden.

Kommunane har vedteke vegkanthenting av avfall til dei vegane VØR køyrer for mange år sidan. Avstandane både i sentrum i dette tilfellet Engesetvegen, er lenger for dei aller fleste enn det det her er tale om. Mange har 150 – 200 meter i luftline slik det er vedteke i retningslinene. Få har så korte avstandar som det her er tale om.

Retningslinene legg opp til likehandsaming uansett kvar ein bur i kommunane.

VØR har i dag knapt 30 særordningar eller henteavtalar som gebyrforskrifta definerar det, for sine 8500 abonnentar, og det seier noko om kvar terskelen for slikt ligg med ei befolkning der snart halyparten i våre kommunar er over 60 år. (iflge. kommuneplanane.)

Presedens og tilrådd praksis for ettertida.


Styret sin handsaming av saka vil skape presedens. Av dei 370 bustadeiningane som ved nyttår vil vere omfatta av ordning med nedgrave anlegg, vil nesten alle ha avstandar godt over disse om lag 17 meterane det her vert søkt om fritak for.

Vi tilrår at fråvik i pålagt henting må handterast slik ordning med dagens henteavtaler vert praktisert. Henteavtale ordningane har VØR hatt i snart 20 år.

Der VØR er i tvil må det leggjast fram legerklæring på at begge i husstanden ikkje klarar å bere fram avfallet sitt disse 17 meterane i luftline det her er tale om.

Skal dei fortsatt ha egne behaldarar, vert det å sjå på som ein henteavtale med det ekstragebyret som følger med det.

Til styret sin informasjon så har vi administrativt innvilga ein henteavtale knytt til nedgrave anlegg siste åra. Avstanden frå den aktuelle eigedomen til nedgrave anlegg er 124 meter i luftline. Noko lenger faktisk gangveg. I det tilfellet er abonnenten rullestolbrukar.

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Petter Bjørdal', with a long horizontal flourish extending to the right.

Petter Bjørdal

Dagleg leiar

Vedlegg: Søknad av 3 oktober 2019. Personnamnet og adresse til eigedomen er sladda av omsyn til søkjar og vedkomande sin utlevering av helseutfordringar.